



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Dykkar ref.
12/380-17/2088

Vår ref.
17/3058

Dato
24.05.2017

Klage frå Gulen kommune over Politidirektoratets avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i Vest politidistrikts lokale struktur

Justis- og beredskapsdepartementet syner til klage som er dagsett 10. mars 2017 frå Gulen kommune og Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017 om å endre politiet sin lokale struktur i høve til Gulen kommune:

«Sammenslåing av Gulen, Masfjorden og Solund lensmannsdistrikt og Nordhordland lensmannsdistrikt, til Nordhordland lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestesteder: Masfjorden lensmannskontor og Nordhordland lensmannskontor».

Politidirektoratet har i brev 30. mars 2017 sendt klagen frå Gulen kommune til Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til Gulen kommune og Vest politidistrikt. Direktoratet opplyser i oversendinga at klagen frå Gulen kommune har vore lagt føre dei kommunar som saka vedkjem, jf. forskrift om klageordning for kommunar som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 5 andre ledd.

1. Bakgrunn

Nærpolitireforma, Prop. 61 LS (2014-2015), vart godkjent i statsråd 6. mars 2015 og sendt Stortinget for handsaming. Proposisjonen vart fastsatt 10. juni 2015 med nokre endringar, jf. Innst. 306 S (2014-2015) og Innst. 307 L (2014-2015). I Innst. 306 S (2014-2015) vart det mellom anna sagt følgjande om det overordna målet med nærpolitireforma:

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo
0030 Oslo

Kontoradresse
Gullhaug Torg 4A
0484 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Sakshandsamar
Jan Inge Helgheim
22 24 55 91
jan-inge.helgheim@jd.dep.no

«Målet med reformen er et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer».

Justis- og beredskapsdepartementet har i samsvar med dette gjeve Politidirektoratet mynde til å fastsette politidistrikta si inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og til å kunne fastsette samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor og politistasjonar.

Politimeistrane har, som ein del av nærpolitireforma, greidd ut og føreslått endringar i politidistrikta sin lokale struktur for å kunne frigjere tid og ressursar til å kunne vere meir tilgjengeleg og til stades i nærmiljøa. Den lokale strukturen i politidistrikta skal fremje eit nærpoliti som er operativt og synleg, med kapasitet til å forebygge, etterforske og påtale strafflagde handlingar. Politimeistrane sine framlegg er mellom anna tufta på innspel frå kommunar og lokale polititenestemannsorganisasjonar.

Politimeistrane sende sine tilrådingar til Politidirektoratet 15. desember 2016. Politidirektoratet fastsette 13. januar 2017 ny lokal organisering av norsk politi.

Kommunar som vedkjem endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjonar kan klage på Politidirektoratet si avgjerd til Justis- og beredskapsdepartementet, jf. forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 1.

2. Merknader frå kommunen

Gulen kommune har i brev av 10. mars 2017 klaga på avgjerda om å setja lensmannskontoret på Hosteland i Masfjorden kommune. Kommunen har gjort gjeldande at lokaliseringa av lensmannskontoret må skje på grunnlag av ei risiko- og sårbarheitsanalyse, og at det ut frå slike vurderingar bør leggjast til Gulen. Det er mellom anna synt til at mange av innbyggerane i Gulen kommune og Solund kommune bur på øyer og at vurderinga av tenestestad må verne om deira tryggleik.

Kommunen har vidare gjort gjeldande:

- «1. Plassering må vere slik at ein når flest mogleg innan 45 min, kontoret må ligge mest mogleg sentralt i høve alle tre kommunane.*
- 2. Kontoret må sikre god beredskap og raskast mogleg responstid i høve ulykker og leiteaksjon spesielt med tanke på sjø.*
- 3. Best mogleg plassering utifrå dei oppgåvene politiet skal betjene i alle tre kommunane».*

3. Synspunkt frå kommuner

Politidirektoratet har opplyst at ei av kommunane i Vest politidistrikt har fremja synspunkt til klagen frå Gulen kommune. Dette er Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune støttar ikkje klagen frå Gulen kommune. Kommunen har opplyst at Gulen, Solund og Masfjorden kommune har hatt felles lensmann i Gulen, Masfjorden og Solund lensmannsdistrikt sidan 2009, og dei tre kommunane har også hatt felles politiråd i same periode.

Masfjorden kommune mellom anna helde fram følgjande:

«Politirådet fatta den 29. mars 2016 eit samrøystes vedtak om at kommunane ønskte eitt kontor og kontoret plassert «ut frå ei fagleg vurdering, der omsyn til lokalkunnskap og stabilitet av tilsette over tid vert ivareteke».

Masfjorden kommune meiner difor at Politidirektoratet sitt framlegg og vedtak om at lensmannskontoret skal vera på Hosteland, er heilt i tråd med dei faglege vurderingane som kommunane tidlegare har fått frå politiet. Kommunane har og vore kjent med at politiet har gjennomført faglege analysar i høve til nærleik og responstid ut frå arbeidsgrunnlag, oppdrag, avstand til publikum, fleksibel utnytting av ressursar, m.m.

Masfjorden kommune er usamd i at ei risiko- og sårbarheitsanalyse tilseier at eit felles lensmannskontor bør vere i Gulen. Politiets sine egne vurderingar har ein annan konklusjon som Masfjorden kommune deler fullt ut, og viser til at Hosteland ligg nært både E39 og det viktige næringsområdet ved Sløvågen, samt Fensfjorden, som er eit viktig sjøbasseng med stor båttrafikk».

Masfjorden kommune har i tillegg bede Politidirektoratet om å medverka til fortgang i arbeidet med å skipe eit nytt og framtidsretta lensmannskontor på Hosteland.

4. Politidirektoratet si vurdering

Politidirektoratet har i brev 9. mars 2017 til Justis- og beredskapsdepartementet gjort nærare greie for sitt avgjerdsgrunnlag og har ikkje funne grunn til å gjere om si avgjerd i høve til Gulen kommune.

Politidirektoratet har synt til at avgjerda 13. januar 2017 om samanslåing av Gulen, Masfjorden og Solund lensmannsdistrikt og Nordhordland lensmannsdistrikt, til Nordhordland lensmannsdistrikt, og nedlegging av Gulen lensmannskontor som tenestestad bygde på tilrådinga frå politimeisteren i Vest politidistrikt. Tilrådinga frå politimeisteren er tufta på politifaglege vurderingar og ein lokal prosess som kommunar og tenestemannsorganisasjonar har teke del i.

Politidirektoratet har vidare synt til at direktoratet har vurdert dei innspel og synspunkt som har kome fram i klagen frå Gulen kommune og frå politimeisteren i brev 20. mars 2017. Politimeisteren har i brevet skildra korleis politiet sine tenester skal tryggjast i Gulen kommune etter samanslåing av lensmannskontoret. Politidirektoratet meiner at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar som høver med siktemålet til nærpolitireforma.

Klagen frå Gulen kommune er lagt føre dei kommunar som vedkjem saka, og Politidirektoratet har vurdert innspelet frå Masfjorden kommune. Etter Politidirektoratet si vurdering har det ikkje kome fram opplysingar i tilbakemeldinga frå denne kommunen som gjev grunnlag for å endre vurderinga.

Politidirektoratet har difor konkludert med at det ikkje ligg føre opplysingar som gjev grunn til å endre den vurderinga som ligg til grunn for politimeisteren sin tilråding om endringar i den lokale strukturen for Gulen kommune i Vest politidistrikt.

5. Justis- og beredskapsdepartementets vurdering og avgjørelse

Klagen er satt fram i samsvar med forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten. Etter § 1 i forskrifta kan kommunar som vedkjem avgjerda om ny tenestestedsstruktur klage på avgjerda til Justis- og beredskapsdepartementet.

Vidare følgjer det av forskrifta at Justis- og beredskapsdepartementet kan gjere nytt vedtak eller heilt eller delvis oppheve avgjerda og sende saka attende til direktoratet for ny handsaming, jf. forskrifta § 6 første ledd.

Elles må departementet si klagehandsaming oppfylle forvaltningslova kapittel II og III og ålmenne reglar om god forvaltningsskikk, jf. forskrifta § 7.

Politidirektoratet har i oversendinga gjort greie for den føregåande prosessen for Gulen kommune i Vest politidistrikt, som mellom anna syner at politimeisteren har hatt ein omfattande lokal prosess med deltaking frå kommunar og tenestemannsorganisasjonar.

Departementet forstår klagen frå Gulen kommune som ein klage på lokaliseringa av ein framtidig tenestestad i kommunane Gulen, Solund og Masfjorden.

Politimeisteren har opplyst at lensmannskontora i Gulen, Solund og Masfjorden sidan 1. januar 2005 har vore organisert som ei driftseining under same lensmann, men på tre ulike tenestestader. Etter avtale med Solund kommune leigar lensmannskontoret eit mindre kontorareal. Kontoret har ein politipatrulje i teneste på ulike tidspunkt i løpet av veka. Kontoret i Eivindvik i Gulen kommune er open tysdag og torsdag mellom kl. 09.00 og kl. 15.00. Kontoret i Masfjorden, som er plassert i Duesund, er open onsdagar mellom kl. 09.00 og kl. 15.00.

Vidare er det opplyst at det til saman er sju politistillingar i lensmannsdistriktet Gulen, Solund og Masfjorden. Kontoret har i tillegg 1,8 sivile kontorstillingar. Avstanden frå Gulen til Masfjorden lensmannskontor er ca. 45 kilometer med ein normal køyretid på ca. 47 minuttar. Frå Gulen til Nordhordland lensmannskontor er avstanden ca. 84 kilometer med en køyretid på ca. 1 time og 53 minuttar. Innbyggartalet i Gulen er på ca. 2400, innbyggartalet i Solund er på ca. 800 og innbyggartalet i Masfjorden er ca. 1 700.

Gulen kommune har i klagen mellom anna gjort gjeldande at plassering av lensmannskontoret i Gulen, Solund eller i Masfjorden må skje på grunnlag av ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Det er synt til at mange av innbyggjarane i Gulen kommune og Solund kommune bur på øyer og at plasseringa av kontoret må vere mest mogeleg sentral i høve til innbyggjarane i alle tre kommunar.

Departementet vil nemne at det i Prop. 61 LS (2014-2015) og i Innst. S 306 (2014-2015) er gjeve føringar om at politimeisteren har ansvaret for å lage risiko- og sårbarheitsvurderingar for heile politidistriktet og for eventuelle endringar i lokal tenestestruktur. Politidirektoratet har opplyst at det er gjort risiko- og sårbarheitsvurderingar i samsvar med direktoratet sitt oppdragsbrev, og at politimeisteren si tilråding mellom anna byggjer på denne vurderinga. Departementet er samd med Politidirektoratet i at dei sentrale føringar ikkje stiller krav til ein risiko- og sårbarheitsanalyse.

Gulen kommune har vidare synt til at mange av innbyggjarane bur på øyer og at det er viktig at kontoret vert plassert sentralt i dei tre kommunane Solund, Gulen og Masfjorden, slik at så mange av innbyggjarane i kommunen så raskt som råd kan nå fram til lensmannskontor på 45 minuttar.

Politimeisteren har halde fram at ein må rekne med ein viss utrykkingstid i kommunar som Gulen. Ei vesentleg korting av utrykkingstida vil etter politimeisteren si vurdering krevje så mange politistillingar at det ikkje kan forsvarast i høve til innbyggartal og kriminalitetsrate. Politimeisteren meiner at avstanden for innbyggjarane i sentrale deler av Gulen til ein kontorstad i Hosteland i Masfjorden kan godtakast, og han syner også til at opningstida ved Masfjorden lensmannskontor vil gjerast meir fleksibel. Departementet meiner til liks med Politidirektoratet at innbyggjarane i Gulen vil få ein tilfredsstillande teneste med rimelege køyretider til Hosteland i Masfjorden kommune. Politimeisteren har elles halde fram at mesteparten av politioppdraga skjer i dei sørlege delane av dette området.

Departementet vil her også nemne at ei skiping av større tenesteeiningar vil fremje ein meir hensiktsmessig polititeneste gjennom ei flytting av ressursar til operativ teneste, medrekna patruljeverksemd som vil kunne gje kortare reaksjonstid.

Dei endringar som er fastsett for Gulen kommune i Vest politidistrikt vil etter departementet sitt syn legge til rette for at dei sentrale krava til polititeneste som er

skildra i Prop. 61 LS (2014-2015) og Innst. S 306 (2014-2015) kan oppfyllest på en god måte.

Gulen kommune har i tillegg helde fram betydinga av å tryggje god beredskap og kortast mogeleg reaksjonstid. Politimeisteren har understreka at det er tidkrevjande å kome fram langs vegane og at politiet i stor grad må bruke ferjer. Han understrekar vidare at ein rimeleg beredskap og førebygging i denne delen av distriktet føreset eit godt og nært samarbeid mellom lokalt politi, politiet sin sjøteneste og Forsvaret.

Etter politimeisteren si vurdering vil likevel ei samling av ressursane i ein større driftseining på Hosteland kunne styrke vakt og beredskapen i høve til situasjonen i dag. På bakgrunn av det vegnettet som er i regionen, vurderer Politidirektoratet at dekningsgraden er noko betre frå Hosteland i Masfjorden enn den vil vere frå Gulen. Departementet meiner at den publikumsretta verksemda vil kunne løysast av politipatruljer, noko som vil betre politiet sin service til publikum i høve til gjeldande ordning. Politipatruljer vil også gje kortare reaksjonstid på grunn av at politiet i større grad vil kunne vere på staden ved hendingar og behov gjennom kunnskapsbygd tenestepanlegging.

Politimeisteren har også synt til at dette geografiske området har ein lang og krevjande kystline, som i stor grad må opererast frå båt. Deler av kystlina i Gulen og Solund har ikkje veg og sjøvegen vil vere den mest hensiktsmessige måten å ta seg fram på. Politidirektoratet har opplyst at sjøtenestesta i Vest politidistrikt har en båt som vil kunne nå fram med mannskap til Solund i løpet av ca. 45 minuttar frå Håkonsvern i Bergen. Denne ordninga vil vere et viktig tillegg til politipatruljane i området. Departementet meiner at krava til vakt og beredskap er oppfylt i heile området.

Departementet vil elles nemne at politikontakten i den nye politistrukturen vil få ei viktig rolle i samspelet mellom driftseininga, politistasjonsdistriktet og kommunen. Departementet meiner at politikontakten, som vil verte oppretta innan 15. juni 2017 i alle kommunar, på ein god måte vil kunne medverke til at politiet arbeidar tettare og meir strukturert med kvar kommune, og at dei vil få god lokalkunnskap om kommunen.

Dei kommunane som vedkjem saka har vore lagt føre klagen i samsvar med forskrifta § 5 andre ledd.

Departementet finn, på grunnlag av dei opplysingar som er lagt fram i saka, ikkje grunn til å gjere om på Politidirektoratet si avgjerd om ny tenestestadsstruktur for Gulen kommune i Vest politidistrikt. Departementet held fast på Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017.

Klagen takast ikkje til følge.

Justis- og beredskapsdepartementet si avgjerd kan ikkje klagast på, jf. forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 6 andre ledd.

Ein kopi av dette brevet er sendt til Politidirektoratet til vitande.

Med venleg helsing

Thor Arne Aass
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Kopi: Politidirektoratet

Dokumentet er godkjent og sendes uten signatur